

# **Emnerapport**

## **Emnekode og evt. tittel tema:**

HIS115/250: **Indias historie**

**Semester:** vår 2013

**Emneansvarlig:** Jan Oldervoll

**Andre lærarar på emnet:** Svein Sture

## **Undervisningsopplegget:**

Eg hadde 11 førelesingar, der eg la stor vekt på å aktivisera studentane, noko som i stor grad lukkast. Oppsummeringsførelesinga t.d., bestod i at eg stilte spørsmålet om kva som var det viktigaste i dei einskilde periodane. Studentane kom med framlegg og held kort innlegg om dei forskjellige tema som vart lagt fram. Dette fungerte svært bra.

For 250 studentane skipa eg til ekskursjon til India, der me reiste med buss og tog frå Delhi, via Agra og Varanasi til Kolkata. Me fekk faglege innlegg underveis og hadde også seminar der me diskuterte studentoppgåver, der me trekte inn perspektiv frå det me såg og opplevde. I tillegg hadde me jamlege korte møte heime gjennom semesteret der me diskuterte tema for oppgåvene og etter kvart oppgåvene. Alle studentane var med på desse møte, om ikkje på alle.

## **Pensum:**

Pensum for HIS115 består av tre lærebøker i Indias historie, men med vekt på kvart av dei tre landa India etter frigjeringa er blitt delt i. Ei bok om India, skriven av ein indar, ei om Pakistan skriven av ein professor frå Pakistan og ei om Bangladesh, skriven av ein nederlendar med lang fartstid i Bangladesh. For perioden før 1947 hadde desse landa sjølv sagt sams historie.

Studentane opplevde her korleis forskjellelege perspektiv gav seg utslag, både i stoffutval og i forklaringar. Sjølv er eg svært godt nøgd med pensum, men har problem med å få studentane til å lesa i rett rekkefølgje.

## **Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:**

Eg er rimeleg nøgd med studentevalueringa av HIS115, sjølv ikkje alt er bra nok for alle. Når det gjeld HIS250 har eg berre munnlege tilbakemeldingar å halda meg til, men dei er gjennomgåande svært gode. Ekskursjonen var sjølv sagt eit pluss, men like mykje at studentane møttest ein forholdsvis uformell samanheng gjennom semesteret og på den måten både rakk å bli kjent med og interessert i dei andre sine tema og i tillegg rakk å bli ei samansveisa gruppe.

## **Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:**

Dette var siste gongen har ansvaret for eit emne og slik sett er det vanskeleg å finna arena for forbetring.

## **Undervisningsfasiliteter:**

Auditorium D fungerte svært godt.